

**Notat**Dato: 25.04.2018  
Arkivsak: 2018/8298-6  
Saksbehandlar: ambrein

---

**Til:** Snorre Waage  

---

**Frå:** Ambjørg Reinsnos, Endre Sten Nilsen  

---

**Kulturminnefagleg innspel - Høyring av planprogram - kommunedelplan for klima, miljø og infrastruktur - Askøy kommune**

Hordland fylkeskommune har vurdert planprogrammet som regional sektorstyresmakt for kulturminnevern.

I planprogrammet er ikkje kulturminne nemnd. Vi står i dag overfor store utfordringar når det gjeld miljø og klima. Det grønne skiftet og berekraft er grunnpilarar i ei framtidretta samfunnsutvikling. Eksisterande byar og tettstader representerer store verdiar, og mellom 70 og 80 % av eksisterande bygningsmasse vil fortsatt vere i bruk i 2050. Eksisterande hus er ein stor ressurs fordi dei allereie er bygd, og klimagassutsleppa ved materialproduksjon, transport og bygging dermed er unnagjort. Gjenbruk av ståande bygningar er difor oftast eit god miljøtiltak. I Riksantikvaren sin rapport *Klimagassberegninger Villa Dammen* frå 2016 som tar for seg ein renoverte einestad frå 1936 konkluderer ein med:

*...Beregningene viser at det tar omlag 52 år før det er mer klimavennlig å rive det gamle huset og bygge et nytt, framfor å oppgradere det gamle. Det tar bare et ½ års tid før oppgraderingen av det gamle huset er mer klimavennlig enn å fortsette å bruke det gamle som det var...*

Dei moglege endringane i vêrtilhøve vil òg i stor grad gjelde for mange kategoriar kulturminne. Endringar som fylgje av nedbør, erosjon og flaum vil kunna utgjera ein reell trussel mot kulturminne langs sjø, vatn og elvefar m.m. Større nedbørmengder vil og føra til auke i råteskader på til dømes verna og verneverdige bygningar og anlegg. Sterkare og hyppigare stormar vil òg kunna føra til skade på ulike kulturminnekategoriar. Vi ber om at kulturminne vert omtala i planprogrammet, slik at ein sikrar at kulturminne vert ein del av utgreiingane som skal gjerast i den vidare planprosessen.